



Alle treskilt vert på sikt bytte ut med nye nasjonale turstiskilt.

I regi av det kommunale Turstiprosjektet vert alle skilt fornya og bytte ut. Til no har det på mange plassar vore treskilt som har synt vegen til fjells frå startpunkta nede i dalen. Ein vil framleis bruka treskilta i lia og på fjellet. På sikt vert alt bytt ut med nye standard skilt. Steinar Haugland i Turgruppa fortel at ein kvar vår går over og ser til at all skilting er på plass.

Turgruppa i Idrettslaget er ein del av Turstiprosjektet som har vore drive frå turistkontoret. Målet er i merka stiane til fjells, men også i låglandet. Det er laga nasjonal standard for skilting. Det kan vera namneskilt, men også skilt med pil som syner rett trase.



Det er to typar skilt, namneskilt og skilt med ei pil som syner rett trase.

Ved Kalkstasjonen er alle skilta fornya. Her finn vi skilt med namna Ulvanosa og Geitadalstind. Litt lenger framme er stien merka med pil for å markera retningen. På Steinaheiane er det same gjort med mellom anna namneskiltet Solfjell. På sikt vert den gamle treskilta bytte ut med nye standardiserte skilt. Turgruppa vil sjå på nye trasear i låglandet og få desse merka. I vårhalvåret går ein over all skilting og forsterkar festepunkta.

Det er registrert auka bruk av elvekanten til turgåing. Turgruppa og Uskedal Utvikling har prøvd å ta dette opp på møte for å få vurdert om ein kan skilta og tilretteleggja deler av elvekanten til turgåing. Dette gjeld særleg dei partia der det alt er ein trase etter elveførebygginga på 1960 talet.

Så langt har ein ikkje lukkast med å gå vidare på dette prosjektet. Det vil vera naturleg at Elveeigarlaget har dette som sak på sitt årsmøte.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal